

2017/2361-1

Styret Helse Fonna HF  
V/styreleiar Kjell Arvid Svendsen  
Postboks 2170  
5504 Haugesund

29 JUN 2017

### Utfordringar til brukarutvalet frå styret – fokus

Me viser til møte mellom styret og brukarutvalet i Helse Fonna, den 19.06. Det vil vera fint med innspel for korleis de tenkjer brukarutvalet kan bli ein ressurs for arbeidet til styret.

Bakgrunnen og samansetting til brukarutvalet gjer at me meiner å kunne bidra til å utvikla føretaket sine tenester. Me arbeider med fleire saker som opptek utvalet og som og kan bli aktuelle å spele inn til styret.

Dei faste oppgåvene og forventingane det er stilt til utvalet er mange, jamfør punkt 4 i retningslinene for utvalet. Derfor er det viktig for oss å få innspel og frå styret for korleis de ynskjer å nytta vår kompetanse og erfaring. Er det spesielle forhold de ønskjer me skal drøfte eller gå nærare inn i for å justere, endre eller utvikle Helse Fonna sine tilbod?

På bakgrunn oppsummeringa styreleiar gjorde i møtet ser me det som naturleg å invitera styret til å drøfte dette og koma med innspel til arbeidet vårt.

Til slutt vil me og peike på at ei regelmessig informasjonsutveksling mellom leiinga i Helse Fonna og utvalsleiinga er viktig for arbeidet vårt. Utvalet ønskjer å vera ein rådgjevande ressurs for styret i Helse Fonna.

Me ser fram til å høyre frå dykk.

Stord 25.06.2017

Med helsing



Laila Stensletten

Leiar Brukarutvalet i Helse Fonna